



Arkivnr: 2015/8173-248  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		
Fylkestinget		14.06.2016

### Val til varamannsliste til utvalet for opplæring og helse

#### Samandrag

Fylkestinget gjorde slikt vedtak for Miljøpartiet De Grønne (MDG) og Venstre (V) i utvalet for opplæring og helse:

#### Medlemer

Strømmen, Øyvind - MDG  
Erichsen, Elizabeth Toft - V

#### Varamedlemer

1. Bruarøy, Janne Bjånes - FL MDG/V
2. Hamre, Bjørnar - FL MDG/V
3. Golis, Natalie - FL MDG/V

Det vart her valt inn to faste medlemer frå kvart sitt parti. Varamannsliste er ein fellesliste med dei same to partia. Varamannslista består av to medlem frå MDG (Janne Bjånes Bruarøy og Natalie Golis) og eit medlem frå Venstre (Bjørnar Hamre).

Kommunelova seier at kvart parti skal ha det same talet varamedlemer som faste medlemer, + 2, jmf. § 38a punkt 2. Det førar til to alternativ:

- Øyvind Strømmen, MDG, og Elizabeth Toft Erichsen, V, er vald inn frå sine to parti, utan fellesliste, og skal ha kvar sin varamannsliste med tre namn. Fylkestinget må då velje to varamannslistar, ein for MDG og ein for V, med tre namn på kvar.
- Øyvind Strømmen, MDG, og Elizabeth Toft Erichsen, V, er vald inn ved fellesliste. Da skal dei ha ein felles varamannsliste med fire namn. Fylkestinget må da velje ytterligare ein varamedlem til den eksisterande varamannslista.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget gjer eit val av varamannsliste som tydeliggjer om MDG og V har fellesliste eller er uavhengige kvarandre i utvalet for opplæring og helse.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slikt val til varamannsliste til utvalet for opplæring og helse:

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*